



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet

Sak nr 39/06

Saksbehandler: Ivar Undheim
Arkivsak: 06/687-4

Arkiv: 030
Møtedato: 04.09.2006

LOKALT FOLKESTYRE I ENDRING? - HØYRING

Det lokale folkestyret i endring? er tittelen på NOU 2006:7. Det er andre delen av ei utgreiing om lokaldemokratiet. Lokaldemokratikommisjonen har vore leia av ordførar i Stavanger, Johan Sevland. NOUen er faktisk skriven på nynorsk, noko som er sjeldan kost i den samanhengen.

Ein legg ved høringsbrevet, kopi av kapittel 1, på 20 sider, og kapittel 6 om økonomiske og administrative konsekvensar, på 2 sider.

Heile utgreiinga er på ca 150 sider pluss ca 100 sider vedlegg. Heile utgreiinga kan ein finna på internett: http://www.odin.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016001-020024/dok-bn.html

NOUen gir ei brei og god utgreiing om lokaldemokratiet, men rådmannen vel å gripa fatt i berre to punkt i høyringa.

Spørsmålet om felles valdag for alle val og stemmerettsalder. I nokon grad heng desse i hop.

Oppslutninga om vala har vore synkande, men me er framleis på eit mellomhøgt nivå i europeisk samanheng. Lokalvala ligg klart under Stortingsval i oppslutning. Kommunevala har hatt liten drahjelp av val til fylkestinget. I forslaget om regionar har eit tatt konsekvensen av dette og forslår felles valdag med Stortingsval.

Utgreiinga slår fast at ein vil auke oppslutninga om kommunevala med 10-15 prosentpoeng om ein får felles valdag med Stortingsval. Det er ei vurdering som rådmannen kan slutta seg til.

Ingen andre tiltak vil gi same effekt. Ein kan ikkje sjå utslag i auka oppslutning om valet ved direkte ordførarval, kanskje noko mindre tilbakegang enn det elles ville ha vore. Klare lokale stridsspørsmål kan gi kortvarig større oppslutning om valet, men heller ikkje det gir alltid slike utslag. Rådmannen har meir tru på at konsensusstenkning gir betre løysingar i lokalsamfunnet enn strid. Stridsspørsmål kan vera ein "dyr" måte å skaffe seg større valdeltaking på for eit lokalsamfunn.

Alt i dag er kommunevala prega av rikspolitikken og rikspolitkarane. Dette ville nok blitt noko forsterka med felles valdag. Rådmannen trur at ein stor del av veljarane også i dag vel ut frå rikspolitiske preferansar, ved lokalvala. Me ser i Klepp at framgang og tilbakegang for parti i kommunevala svingar i takt med det som skjer elles i landet.

Etter rådmannen sitt syn er det prioritert å få større oppslutning om lokalvalet. Kan ein betra dette med 10-15 prosentpoeng, får ein heller ta ulempene.

Ei innvending mot felles valdag er at me i snitt får eldre førstegongsveljarar.

I dag får ein i snitt velja når ein er 18 år og 9 månader og seinast det året ein fyller 19. Viss det blir ein felles valdag, vil snittet gå opp til 19 år og 9 månader og seinast det året ein fyller 21 år.

Viss ein samtidig med innføring av felles valdag seinkar stemmerettsalderen til 16 år, vil førstegongsveljaren i snitt bli 17 år og 9 månader, og ein vil seinast få velja det året ein fyller 19 år.

Det bør ikkje skapa problem at ein også kan veljast til kommunestyre og fylkesting når ein har fått stemmerrett. Rådmannen synest ikkje ein skal kunna veljast til Stortinget før ein er myndig.

16 åringar tek alt i dag viktige val for si framtid, val av yrke og utdanning. Rådmannen trur at dei også er i stand til å ta sjølvstendige val i samband med valet. (Sjølv om einskilde medieoppslag frå skuleval gir grunnlag for tvil.)

Vedlegg:

- Høyringsbrevet av 28. april 2006
- Kapittel 1 og 6 av NOU 2006:7

Innstilling:

Forslag til vedtak:

1. Klepp kommune tilrår som mindretalet i kommisjonen at ein innfører felles valdag for alle vala.
2. Klepp kommune tilrår at stemmerettsalderen blir seinka til 16 år. For å kunna veljast til Stortinget må ein seinast fylla 18 år i valåret.

Formannskapet den 04.09.2006 sak 39/06

Behandling:

Forslag frå Håvard Erga -frp

1. Klepp kommune tilrår at ein opprettheld ulike valdagar for vala som nå.
2. Klepp kommune tilrår at stemmerettsalderen blir 18 år som i dag.


Røysting:


Forslaget frå Håvard Erga fekk 9 røyster.

Samrøystes VEDTAK:

1. Klepp kommune tilrår at ein opprettheld ulike valdagar for vala som nå.
2. Klepp kommune tilrår at stemmerettsalderen blir 18 år som i dag.

Klepp kommune, 07.09.2006


Elfin Lea
ordførar


Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Kopi til:

Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo